



Telefonmøte

Utval: Eidfjord Fjellstyre
Møtestad: Kommunehuset
Møtedato: 20.06.2012
Tidspunkt: 20.00 - 21.00 **Saksnr:** 018/12 – 020/12

Følgjande medlemer møtte ikkje:

Dagny Opedal
Kari Tveit Hovland

Følgjande varamedlemer møtte:

Sverre Kleivkås

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Sekretær Gunnar Elnan

Merknader til innkalling:


Ingen merknader

Underskrifter:

Me stadfestar med våre underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Eidfjord, 20.06.2012


Vidar Riber
medlem


Lars Kristian Eidnes
medlem

SAKLISTE

Sak nr.	Saktittel
018/12	Jaktordningar for villreinjakta, avtale med Øvre Numedal fjellstyre
019/12	Klage på rutinar for tildeling av fellingsløyve 2012
020/12	Garnfiskerett til Besso turisthytte

018/12: Jaktordningar for villreinjakta, avtale med Øvre Numedal fjellstyre

Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

Fjellstyret beklagar at det ikkje blei ei ordning med fredningssone ved Skjerhøl og ynskjer ikkje nytta seg av tilbodet om jakt på Øvre Numedal statsallmenning. Fjellstyret er redd jaktpress mot Langebuåni vil hindra dyra i å trekkja vestover.

20.06.2012 Eidfjord Fjellstyre

Handsaming:

Det vart sett fram slikt framlegg tilleggsvedtak:

Når det gjeld tilbodet som Eidfjord Fjellstyre fekk i høve til jakt i 2012 av Øvre Numedal statsallmenning så, ønskjer ikkje Eidfjord Fjellstyre å takke ja til dette i år, bakgrunnen er at Fjellstyret er redd for stort jaktpress mot området mellom Brakanuten mot Langebuåni og at dette vil hindra dyra i å trekkja vestover.

Eidfjord Fjellstyret takkar Øvre Numedal Fjellstyre for positiv velvilje og ynskjer å vera i dialog med ØNF for seinare år.

Røysting:

Samrøystes vedteke

EFS-018/12 Vedtak:

Fjellstyret beklagar at det ikkje blei ei ordning med fredningssone ved Skjerhøl. Når det gjeld tilbodet som Eidfjord Fjellstyre fekk i høve til jakt i 2012 av Øvre Numedal statsallmenning så, ønskjer ikkje Eidfjord Fjellstyre å takke ja til dette i år, bakgrunnen er at Fjellstyret er redd for stort jaktpress mot området mellom Brakanuten mot Langebuåni og at dette vil hindra dyra i å trekkja vestover.

Eidfjord Fjellstyret takkar Øvre Numedal Fjellstyre for positiv velvilje og ynskjer å vera i dialog med ØNF for seinare år.

019/12: Klage på rutinar for tildeling av fellingsløyve 2012

Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

- Klagen vert avvist. Fjellstyret har hatt ein grundig drøfting av prinsipp for tildeling og meiner denne er mest rettvis på sikt.
- Søkjarar som pga administrativ feil ikkje er kome med på trekkingslista vert trekt ut med rekkjefølgjenummer og lista vert å justera.

20.06.2012 Eidfjord Fjellstyre

Handsaming:

Det vart sett fram slikt framlegg til vedtak i kulepkt 2:

Søkjar var trekt ut som nr. 103A

Kulepkt. 1:

Fjellstyre vil likevel ta dagens ordning opp til drøfting i god tid før neste jakt

Røysting:

Samrøystes vedtteke

EFS-019/12 Vedtak:

- Klagen vert avvist. Fjellstyret har hatt ein grundig drøfting av prinsipp for tildeling og meiner denne er mest rettvis på sikt. Fjellstyre vil likevel ta dagens ordning opp til drøfting i god tid før neste jakt
- Søkjarar som pga administrativ feil ikkje er kome med på trekkingslista vert trekt ut med rekkjefølgjenummer og lista vert å justera. Søkjar var trekt ut som nr. 103A

020/12: Garnfiskerett til Besso turisthytte

Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

Besso turisthytta v/Sylfest Laingen får forlenga løyve i sak 022/08 til å gjelda 2012.

20.06.2012 Eidfjord Fjellstyre

Handsaming:

Det vart sett fram slik endring:

Garnfiskereglane vart endra i 2011. Pkt 10 opnar for tynningsfiske i vassdrag sør for Nordmannslågenvassdraget. Løyve til tynningsfiske vert gitt etter nærare vilkår for kva vatn, maskevidde, tal garn og fisketid, dette kjem fjellstyret tilbake til

Røysting:

Samrøystes vedteke med endringar.

EFS-020/12 Vedtak:

Besso turisthytta v/Sylfest Laingen får løyve til garnfiske i Normannslågen for fiskesesongen 2012 på same vilkår som tidlegare år.

Garnfiskereglane vart endra i 2011. Pkt 10 opnar for tynningsfiske i vassdrag sør for Nordmannslågenvassdraget. Løyve til tynningsfiske vert gitt etter nærare vilkår for kva vatn, maskevidde, tal garn og fisketid, dette kjem fjellstyret tilbake til